



Arkivnr: 2014/557-52

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		

Oppnemning av representant til det regionale brukarutvalet i Helse Vest 2015-2017

Samandrag

Fylkeseldrerådet er bedt av Helse Vest om å nemne ein representant til det regionale brukarutvalet for perioden 2015-2017, jmf brev datert 310714.

Brukarutvalet består av 10 brukarrepresentantar, der ein av desse representerer eldre, og har om lag 10 møter i året.

Følgjande kriterier skal gjelde for samansettinga av det regionale brukarutvalet:

- Brukarrepresentantane skal sjølv ha erfaring som pasient – og/eller pårørande, og bør som hovudregel ikkje vere medlem av andre brukarutval i Helse Vest.
- Det er ein føresetnad at brukarrepresentantane har/tek på seg å vere kvalifiserte til å delta og bidra til forbetring gjennom planmessig kompetanseutvikling og systematisering av eigne og andre sine erfaringar.
- Alle verksamhetsområda, somatikk, psykiatri og TBS (tverrfagleg spesialisert rusbehandling) skal vere representert i det regionale brukarutvalet.
- Det vil og bli lagt vekt på at mindre synlege pasientgrupper, og pasientgrupper som i mindre grad er i stand til å ta vare på eigne interesser, er representert. Dette er til dømes etniske minoritetar og barn og unge.
- Medlemmane skal vere geografisk jamt fordelt i regionen, det skal vere tilnærma lik fordeling mellom kvinner og menn, og det skal vere ei rimeleg alderssamansetting.

Spesifikt for fylkeseldreråda gjeld det at brukarrepresentanten må ha eiga brukarerfaring og kompetanse innan brukarmedverknad, og skal representera brukarar frå Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Frist for å sende inn forslag er 1. oktober 2014.

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Birte Markeseth Aasen
leiar

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.